

Hovden grendehus:

Tysdag 10.09 kl. 17:30 - Askeladden - I Soria Moria slott

Tysdag 24.09 kl. 17:30 - Toy Story 4 2D (Norsk tale)

Bykle samfunnshus:

Onsdag 11.09 kl. 17:30 - Askeladden - I Soria Moria slott

Onsdag 25.09 kl. 17:30 - Toy Story 4 2D (Norsk tale)



Klippen

Møte 8.sept og 29.sept. Begge dagar kl 16.00.

Hans Erik Haldorsen taler og syng.

Styrketreningskurs for ungdom

Ungdom i 8., 9. og 10. klasse, som gjennomfører dette kurset med fysioterapeut Kenneth Fyhn, kan inngå treningsavtale på Bykle samfunnshus og Hovden grendehus, sjølv om dei er under vanleg aldersgrense, som er 16 år.

Bykle samfunnshus 3. september kl. 17.-18.

Hovden grendehus 4. september kl. 17.-18.

Påmelding til Hovden grendehus: grendehuset@bykle.kommune.no eller tel. 37 93 86 93.

Det blir også fast trening for denne målgruppa onsdagar kl. 17.-18. på Hovden grendehus, der fysioterapeuten er til stades og rettleiar.

Arr.: Kultur & fritid/Fysioterapitenesta

Styrketrening for ungdom

Vi startar opp med styrketrening kvar onsdag kl. 17.-18. på Hovden grendehus for ungdom frå 8. til 10. klasse.

Fysioterapeut Kenneth er tilstades og rettleiar, for å få mest mogleg ut av treninga og for å forebygge skadar.

Oppstart 11. september kl. 17. Velkommen til alle i 8., 9. og 10. klasse!

Arr.: Kultur & fritid/Fysioterapitenesta

Gudstenester og møte



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

1. september, Bykle kyrkje kl 11:00

Innsetting av ny sokneprest

15. september, Fjellgardane kyrkje kl. 19:00

29. september, Bykle kyrkje kl 19:00

Konfirmantpresentasjon

13. oktober, Fjellgardane kyrkje, kl. 11:00



Nye treningstider for spinning og trim

Spinning: måndagar og torsdagar frå 18.30 – 19.30

Trim: måndagar og torsdagar frå 19.30-20.30

Helsing Ingebjørg og Eivind Andre

Språkkafé

Biblioteket Hovden grendehus **torsdag 5/9 kl. 18-19** (OBS! språkkafen er flytta frå tysdagar til torsdagar!). Velkomen til deg som treng øve på å snakke norsk OG til deg som vil bli kjent med nye folk.

Fjellgardane si historie

Kultur & fritid planlegg tre arrangement i haust der ein tek føre seg viktige delar av Fjellgardane si historie. 26. sept.: Jernvinna, 24. okt.: Tamreindrifta og 21. nov.: Turismen.

Jernvinna

Arkeolog Nils Ole Sundet held foredrag

Torsdag 26. sept. kl. 19.00 i Hovden grendehus

Billett vaksne: 100 kr, born/skuleungdom gratis

Arrangør. Kultur & fritid

Kurs i korgfletting med pil

Fredag 8.nov kl 16-21 og laurdag 9.nov

kl 09-16 blir det arrangert kurs i

korgfletting med pil i Lislestog.

Kurslærer er May Tove Berg Lindås.

Ho vil gjennomgå alle grunnleggjande fletteteknikkar for å byggje opp ei korg.

Kurset kostar kr 1200,- + kursmateriell (ca kr 200,-).

Bindande påmelding innan 17.oktober til Jørgine Sofie Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: jorgine@online.no.

Arr.: Bykle Husflidslag



Stipend 1. halvår skuleåret 19/20

Ungdom og vaksne frå Bykle som tek fulltidsstudie på vida-regående-, høgskule- eller yrkesretta utdanning kan søkje om stipend.

Ungdom under 18 år må vere registrerte i Bykle kommune.

Vaksne over 18 år må dokumentere samanhengande butid dei 5 siste åra og vere registrerte i Bykle kommune.

Læringer med 2 års lærekontrakt får utbetalt stipend første året av kontraktstida.

Desse har utvida søknadsfrist dersom det ikkje er teikna lærekontrakt innan 1. okt.

Søknadsskjema finn du på Bykle kommune sine nettsider: kommunalt utdanningsstipend. Fyll ut og send elektronisk.

Søknadsfrist: 1. okt.

Endring i bemanninga på Bykle rådhus

Det er den siste tida blitt endringar i bemanninga på rådhuset. Nokre er nyttilsette og andre har fått nye oppgåver. På heimesida til Bykle kommune kan du lese meir om dei einskilde og oppgåvene deira.

Utfordring til alle menn i Bykle!

Pengane TV-aksjonen i NRK 2019 får inn går til CARE sitt arbeid i utvalde land i Afrika og Asia for å hjelpe kvinner til eit betre liv, skaffe seg si eiga inntekt og til betre å kunne delta i politikk og lokalsamfunnet.

Leiar for innsamlingsaksjonen i Bykle, ordførar Jon Rolf Næss og Leif Kvinlog som sekretær for innsamlingsaksjonen tenkte det kunne vere ein ide å utfordre mannfolk i Bykle til å vere bøsseberarar søndag 10. oktober! Du kan melde deg ved å kontakte kulturrådsgjevar Leif Kvinlog på tlf. 909 84833 eller leif.kvinlog@bykle.kommune.no eller når du treff han på butikken eller andre stader. Du kan også registrere deg ved å gå inn på www.blimed.no

Damer: Tenkjer du på ein eller fleire du kan utfordre?



NÅ ER DET HENNES TUR

Kulturkafé

Onsdag 18.september kl. 18 på Bykle samfunnshus
Den kvelden presenterer vi foredraget "Val 2019 : valet er over - kva skjedde - og kva kjem kanskje til å skje?" v/Stein Kåre Kristiansen.



Stein Kåre Kristiansen har meir enn 40 års erfaring som journalist, utanrikskorrespondent, redaktør, programleiar, politisk kommentator i mellom anna Vårt land, VG og TV2. Dette gir han solide føresetnad til å følgje, forstå og kommentere valet i haust; kvifor det gjekk slik det gjorde, kva for eventuelle rikspolitiske konsekvensar vil kommunevalresultatet kunne få, og til kvalifisert synsing om den politiske vegen vidare mot stortingsvalet 2021.

Vi har óg utfordra dei politiske partia i Bykle til å vere med å kommentere valet. Det vert matsal som vanleg, men kva det blir er ikkje heilt klart. Velkomen!

Arr: Kultur & fritid/biblioteket og Folkeakademiet


Mona Nylin med konsertar i Bykle!

Den svenske visesongaren Mona Nylin hadde konsertar i nedre Setesdal for eit par år sidan. Dette var så vellukka at ho no er ønska tilbake! Denne gong får også Bykle besøk.

Onsdag 25. sept. kl. 19.30 har ho konsert i Flatlandsstoga i Lislestog! Billett 150 kr.

Torsdag 26. sept. kl. 11.00 har ho konsert på Dagsenteret på aldersheimen i Bykle. På begge konsertane har ho med seg ein pianist og spelar sjølv gitar til songane. Sjekk ut hennar nye song «Hela vägen hem» på Youtube!

Arrangør: Kultur & fritid



VAL

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet er måndag 9. september. Vallokala Hovden grendehus og Bykle rådhus har ope 08:00 – 18:00 for røystegjeving på valdagen.



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersiell hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som følgjer i 2019:

oktober (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Formannskapet: 10.9 kl. 18:00

Planutvalet: 16.9 kl. 18:00

Kommunestyret: 25.9 kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

Nye medarbeidarar i kultur & fritid

Bykle Frivilligsentral og sevicemedarbeidar 70% stilling:

Merete Egeland har akkurat starta opp som leiar av Bykle Frivilligsentral og sevicemedarbeidar.

Ho er på Bykle samfunnshus onsdag og torsdag.

Fagleiar ungdom og kultur 100% stilling:

Ida Olsen-Sund er tilsett som fagleiar ungdom og kultur. Ida startar i stillinga så snart ho har avslutta noverande jobb.

Kultur & fritid informerar

Opningstider Bykle samfunnshus

Måndag og torsdag kl. 10.-17.

Onsdag kl. 14.- 19. (til 22. hvis kino)

Tysdag og fredag: Stengt

Laurdagsope grendehus

Hovden grendehus har laurdagsope kl. 10.-15.

7. sept., 12. okt., 2. nov., 7. des.

Alle vanlege tilbod er opne – velkomen!

Informasjon om Hovdetun

Bykle kommune har kontor på Hovdetun som vert nytta av tilsette i ulike høve. Kontoret er ikkje opne for publikum og alle henvendingar skal rettast til Bykle rådhus mellom kl. 9 og 14 på kvardagar.

Informasjon frå legetenesta

Hovden Helsehus vil vere stengt kvar torsdag fom 22/8 til 1/12 grunna begrensa fastlegeressursar. I veke 40 og 41 (haustferie) vil det vere opne kvar dag. Det vil vere opne for øyeblikkelig hjelp ved Valle legekantor desse dagane.

Ved manglande oppmøte til legetime der du ikkje har gitt beskjed dagen før, vil du måtte betale for timen.

Fastlegane Østvold og Varsi har opna for digitale tenester etter ferien. Det betyr at du kan bestille medisin, bestille time, sende melding via E-kontakt og du kan kommunisere med lege via E-konsultasjon.

Vi gjer merksam om at du må betale for E-konsultasjon som ein vanleg legetime, og frå 1/7 vert du og belasta med eit gebyr på 59kr, om du ikkje har frikort.

Frå 1/9 får vi nye LIS-leger (turnusleger) i Valle og Bykle.

Vi håper å vere på plass på Bykle legekantor etter jol.

Nye opningstider på rådhuset

Rådhuset har nye opningstider for publikum:

måndag til fredag kl. 09:00-14:00.

Bykle kommune oppmodar om at det vert gjort avtale med sakshandsamar før oppmøte på rådhuset.

Kommunens sentralbord er opne:

måndag til fredag kl. 09:00-14:00

Telefonnummeret til sentralbordet er: 37 93 85 00

Symjetilbod for ungdom og vaksne

Fredagar hausten 2019 kl. 17-18 kan ungdom frå 8.klasse og vaksne bruke bassenget i Bykle til symjetrening. Påmelding kvar veke til Gitte Haugen; 959 05 984. Treninga følger skuleruta.

Tilkallingsvikar samfunnshus/grendehus

Vi treng tilkallingsvikar, som kan arbeide i begge husa. Bibliotek, skranke/telefon m.m. Må disponere bil. Mest kveldstid. Om du er interessert, så skriv litt om deg sjølv og legg ved CV, send til unn.hovden@bykle.kommune.no. Tel. 915 60 215.

Tømekalender

Restavfall: 25.9, 23.10,

Matavfall: 11.9, 25.9, 9.10,

Glas/metall, papir og plast: 11.9, 9.10

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk er open frå kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: Tysdag, onsdag, torsdag og fredag

Partalsveker: Tysdag og onsdag

For avtale om time ring 379 38617

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time

Sherpaene kjem!

I løpet av september kjem sherpaene til Bykle, dei skal lage sherpasti opp til Hovdenuten.

Dette er ein del av eit større prosjekt i regi av kommunen, eit utkikkspunkt på Hovdenuten er også under planlegging kommunen vil leggje ut meir informasjon om dette seinare.

Kyrkjeval i Bykle

Samtidig med val av kommunestyre skal det veljast sokneråd og bispedømeråd.

Kyrkjeleg manntal for Bykle sokn er lagt ut til ettersyn hos kyrkjevevja på Bykle rådhus frå 15. august til 6. september. Ta kontakt med kyrkjevevja (tlf 379 38 500) dersom du ønskjer å kontrollere at du er registrert i manntalet.

Valdag: 9. september

Bykle rådhus: kl 08.00 – 18.00

Hovden Samfunnshus: kl 08.00 – 18.00

Det er mogleg å røyste på førehand i tida 15/8 – 6/9 etter avtale med kyrkjevevja. Telefon 379 38 500

Hovden Pistolklubb: Terminliste Hausten 2019

19. september	Hovden	Odd Beivegen
3. oktober	Bykle	Björgulv Nesland
17. oktober	Hovden	John Are Hegstad
31. oktober	Bykle	Pål Georg Rynningen
14. november	Hovden	Kliff Erik Hoslemo
28. november	Bykle	Åsmund Hoslemo
12. desember	Hovden	Olav Skinnarland

Alle skytingar starter kl. 1900.

Ånund Nomeland, Leiar Hovden Pistolklubb

Open basseng og badstoge torsdagar (familiebading)

Oppstart i Bykle samfunnshus veka før haustferien, så sant vi får tak i badevakter.

Torsdagar f.o.m. 26. september kl. 16.30 – 19.00.

Program:

Kl. 16.30 – 17.30: Familiebading; bading / leik for alle

Kl. 17.30 – 17.45: Svømming (svømmemerker, svømmetrening)

Kl. 17.45 : Alle under 16 år må opp av bassenget

Kl. 18.00 – 19.00: Vaksensvømming (f.o.m. 16 år)

Vatnet held ca. 28 grader.

Retningslinjer:

1. Alle skal vaske kroppen med såpe, utan badetøy, før ein går i vatnet. Bruk kun badetøy i bassenget.
 2. Barn under 10 år må vere i fylgje med føresette og er føresette sitt ansvar. Barn som ikkje kan symje må fylgjast av ein vaksen.
 3. Det er ikkje lov å stupe frå land eller springe på land.
 4. Unødig uro, herjing, dårlig oppførsel er ikkje lov.
- NB: Eventuelle endringar/avlysing på kort varsel, blir informert om på Facebooksida «Bykle kommune».

Vil du vere badevakt?

Du må vere over 18 år og ha livredningskurs. Vi arrangerar kurs i løpet av hausten, som vi dekkar dersom du forpliktar deg til 20 badevakter. Det blir også betalt honorar på kr. 550,- pr. vakt.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 08:00 - 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no